

Nåde for syndaren

Alle menneske er skuldige i å ha synda. Som menneske har ein lett for å vektlegge handlingar etter kor alvorleg dei er og kven som gjer det. Det er ikkje alle som blir tilgitt for det dei har gjort og dette kan føre til utestenging frå samfunnet. Situasjonen kan vere vanskeleg for både den som har gjort handlinga og den som har blitt utsett for den.

I Det nye testamentet møter me Jesus som møter desse syndarane med nåde. Døme på dette er møtet mellom Jesus og Sakkeus. Sakkeus er ein rik tollar som har tatt litt meir enn kva han skulle frå folk. Jesus møter Sakkeus som ein ven når alle andre mislikte han. Dette møtet gjorde at Sakkeus såg kva han hadde gjort galt, og fekk sjansen til å gjere det godt igjen.

Ungdom i vårt samfunn møter mange utfordringar. Gruppepress, utestenging, mobbing, ol. Dette er ikkje unormalt. Dei som utfører desse handlingane skadar nokon. Det å ta hemn på desse handlingane er like gale som å gjere dei i første omgang. Ein bør heller arbeide og utfordre til å møte begge parter. Me bør møte den som har gjort noko gale med nåde og respekt slik som me ser at Jesus gjer. Tenk heller «what would Jesus do?»(WWJD).

I nokre situasjonar følar ein at problemet går igjen. Ein føler at det å tilgi personen ikkje hjelper for problemet berre fortsetter. Andre situasjonar kan følast utilgjeveleg fordi handlinga er for uakseptabel. Er det rett av oss som kristne å seie nei? Er det rett å ikkje ville vise nåde i slike situasjonar?

Vi ynskjer at kyrkja skal vere med å spreie nestekjærleik. Sprei tanken om at alle skal elske alle på tross av alt det gale ein har gjort !

Kyrkja bør arbeide for å unngå at nokon gjer noko gale, men også at me tek imot dei som har gjort noko gale. Me er alle menneske og ingen er perfekte. Kyrkja bør få fram at alle har gode og vonde sider. Ingen kan vere berre slemme. Det kan vere vonde ting frå personens liv som gjer at ein gjer det ein gjer. Derfor skal ein ikkje dømme boka på omslaget.

Dei aller fleste opplever gruppepress. Me bør arbeide for å få fram at ein kan vera skyldig eller medskyldig i gruppepress utan at ein er klar over det.

Me bør ta imot dei som vert pressa og dei som driv med presset, og verdsette dei likt. Det er ikkje galt å vere annleis.

Ungdomstinget 2016 utfordrar:

- Alle kristne til å ta imot sine medmenneske som likeverdige.
- Kyrkjelydane til å ha nulltoleranse for utestenging og fordommar.
- Kyrkja sitt diakoniarbeid til å inkludera dei som fell utanfor.
- Kyrkjelydane til å få fram bodskapen om at Guds kjærleik overgår all synd